
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 30. juni 2016 23:34
Til: postmottak SD
Emne: Nytt høringssvar til 16/485 - Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029

Referanse: 16/485
Høring: Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029
Levert: 30.06.2016 23:33
Svartype: Med merknader
Kontakt avsender: Anonym_H2477490_259102
Kontaktperson:
Kontakt-e-post: kari.opstad@online.no
Tittel: Møreaksen må skrinleggjast.

Uttalelse:

No må luftslottet og prosjektet Møreaksen leggst vekk og fokuset rettast mot Eksportvegen, ein veg vi har bruk for. Vi kan ikkje sløse med innbyggjarane sine pengar med å byggje ein Møreakse som vil verte ei risikofylt vegløyising, ein unødig veg med ei alt for dyr løysing både å lage og bruke for den reisande, ein veg som er uhensiktmessig geografisk plassert. Møreaksen tek heller ikkje på t.d syklistar eller andre som vil over fjorden per pedes som i dag ved bruk av ferjer frå "sentrum til sentrun". Det er heller ikkje er gode løysingar korleis vegtilkomsten evt. skal vere på Vestnessida før undersjøisk tunnel eller på Moldesida.

Nord- Vestlandet er den mest produktive delen av landet, både av varer som skal fraktast til andre delar av landet og eksport. Det hastar med å få utbetra Eksportevegen, ein veg som skal frakte alle dei viktige varene frå den produktive landsdelen kjappast og sikrast mogleg øst og sørover til Europa. Opp Romsdalen og fram til ny vegløyising som er under utbygging ved Kvam i Gudbrandsdalen er ein flaskehals og risikofylt vegstrekning - ei vegstrekning der landets viktige eksportvarer må fraktast. Ei vegstrekning der det verkeleg er behov for fleire køyrefelt og å minske risikoen ved å ferdast. No må utbygging av Tresfjordbrua byggjast vidare på.

I tillegg bør pengar vi sparer med ikkje å bygge Møreaksen brukast til å jobbe vidare med dobbelspora lyntoglinjer frå Ålesund til Oslo for å vere framtidsretta og med miljøfokus.

Pengar spart ved å skrinlegge bygging og løpande vedlikehold av ein Møreakse kan brukast til eit tal nye miljøvenlege ferjer over Moldefjorden. Ferjer som kan nyttast gratis både for pendlar og vere turistvenlege og skape vekst i næring. Eigne ferjer som kun frakter godstrafikk og farleg transport og dermed skiljer mjuke trafikantar og gods-/farleg transport. Ferjene kan gå uavbrutt døgnet rundt utanå tandere budsjettet ein Møreakse vil utgjere.

Eit anna alternativ enn Møreaksen for å krysse Moldefjorden er Sekkfast, om ein ønskjer å prioritere ferjefri løysing. Det vil vere ei meir hensiktmessig løysing for å korte ned avstanden

til nye Molde sjukhus på Hjelset, samt knytte saman sør og nord utan å legge ein uhensintsmessig veg gjennom Rosenes by og med dei uheldige konsekvensane dette har.

Som Vestlending so ser eg ogso at andre delar av landet har bruk for nye og betre vegløyningar. Vi må sjå Norge under eit og finne korleis best nytte landets inntekter for å skape produksjon, vekst og framtidig livsgrunnlag for vår nasjon. Møreaksen fell utanfor den målsettinga.

Vedlegg: -